

REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET

Dato	24.03.21	Tid	17.30- ca 19.15	Stad	Møte på Teams
------	----------	-----	-----------------	------	---------------

Namn	Repr.
Anita Vindenes	Leiar i FAU, nestleiar i SU
Kathrine Mydland-Aas	Nestleiar i FAU
Magnus Straume	Leiar elevrådet
Vilde Falck-Eikemo	Elevrådet, på Messenger
Renate Landro Lie	Lærarar, leiar i SU
Bernt Arvid Vevle	Lærarar
Hildegunn Turøy	Andre tilsette
Nils Kåre Skoge	Politisk representant
Bente Kleppe Lervik	Øygarden kommune, rektor

SAKER:

6/21	Godkjenning av innkalling og referat Referat og innkalling vart godkjend utan merknad.
7/21	Saker frå elevrådet <ul style="list-style-type: none">• Ball: Vert det ball dette skuleåret? FAU er i gang med planlegging av ball 25. mai. Må sjå på formatet ut frå smittevernreglane i mai.• Elevane ber lærarane om å vere raskare med å låse opp toaletta ved starten av friminutta• Behov for fleire sitjeplassar ute under glastaket. Skulen har teke bort nokre av benkane som var slitt ut. Vi ser på kva vi kan bestille av nye benkar.• På fredag skal ein arrangere påsketemadag/ afterskiutkledning – elevane kan ta m seg noko « godt» denne dagen.• Melder om at toalett i første etasje er «laust»• Ønske om: klokke i alle klasserom, ringeklokke ved ballbingen, spegl i klasserom, at hårførnarane skal vere i garderoben heile tida



	<ul style="list-style-type: none"> • Oppstart av kantina etter påske? Elevrådet kan hjelpe til for å klare å gjennomføre kantinedrifta. Skulen har som mål å få til ei ordning med ein dag i veka for kvart trinn. Sal av meieriprodukt.
8/21	<p>Saker frå FAU</p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreldra på 10.trinn ønsker å delta i planlegginga av klasseseture til stader med krigsminner no i vår • Klasserom i praksisfløy– manglande luftkvalitet, manglande solskjerming brev til rektor der FAU uttrykte bekymring. Saka er meld vidare til eigedom. • Spisetid: ønske om å sjå på om vi kan framskande spisetiden med ein time. Elevane er svoltne, ikkje alle har ete frukost når dei kjem – det er lenge å vente til 11.50. Elevrådet, FAU og skulen diskuterer saka i sine fora, vert teken opp att på neste møte for avgjerd. • Russarstegen opp: arrangementet er eigd av FAU, inntektene frå arrangementet har tidlegare vore med på å finansiere skuleturar. Konseptet har vore «utlånt» til speidaren ei tid. FAU ønsker å ta arrangementet tilbake og inviterer skulen til eit samarbeid om arrangementet. Kan vi få til ei ordning der t.d valfaget innsats for andre, friluftsliv, produksjon av varer og tenester m.m kan gjere ei innsats? Eit overskot kan finansiere Valentinsball, utstyr til friminuttaktivitetar, pengar til å gjere noko kjekt i klassane før jul osv. Ei felles innsats frå heile skulen vil kunne verke samlande og vere styrkande for kjensla av fellesskap. Saka vert teken opp att på neste møte.
9/21	<p>Saker frå skulen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mangfaldsdagen: Tema: Kjekk dag, gjorde ulike ting, elevane koste seg,eit mangfald av opplegg i dei ulike klassane påskefrokost, «kvar kjem vi frå?» slektsgransking, etnisitet, regbogesitjeunderlag m.m. • MOT: Har hatt Mini-årsmøte for skulen og klargjering av tre nye MOT-coachar som skal skulerast i Trondheim.



	<ul style="list-style-type: none">• Framleis fokus på smittevern. Ordføraren har laga ein kort video med oppfordring om å bruke munnbind. Videoen vert vist til alle elevane før påskeferien.• Arealutviding: Vi har bedt om ei løysing for klasserom, kontor, grupperom og møterom.• Ressurstildelinga for neste skuleår: Ikkje alt er klart enno, men det vert reduksjon i timetalet i år også på grunn av den økonomiske situasjonen i kommunen.• Medverknad til samfunnsdelen: representantar for tilsette og elevar er inviterte til å ta del i arbeidet med samfunnsdelen.
10/21	Revidering av læringsmiljøplanen: Vi gjekk gjennom hovudpunkta. Prossesen vidare er at alle ser på planen i sine fora, kjem med innspel til eventuelle endringar før neste møte. Rektor lagar eit nytt ukast som vert sendt ut i lag med innkalling til møtet i mai.
11/21	Eventuelt Ingen saker

Neste møte: 26. mai 21

Fjell ungdomsskule 11.04.21

Bente Kleppe Lervik

Rektor

